

# ÅRSMELDING FOR 2013

## 1. Lokalhistoriske dagar og årsmøte Hordaland sogelag 2013

Dei lokalhistoriske dagane og årsmøte i Hordaland sogelag vart haldne 16. og 17. mars 2013 i Tyssedal med Hardanger historielag som vertskap. Temaet for dagane var turisme, vasskraft og byutvikling i Odda og Tyssedal sett i internasjonalt perspektiv.

Dei mange foredragene, som føregjekk i Statskraftstova i Tyssedal, gav deltakarane ei svært god innføring i utviklinga som har skjedd i Odda / Tyssedal frå tida med turisme til utbygging av kraftverk og kraftkrevjande tungindustri.

Det rike digitaliserte fotoarkivet viser store deler av framveksten, og omvisinga i den vakre og restaurerte kraftstasjonen i Tyssedal, saman med bygninga i fjellsida og røyrgata, gjev god dokumentasjon på det som skjedde under utbygginga.

Festmiddagen laurdag kveld var på Tyssedal hotell, som har ei fin samling av måleri av kjende kunstnarar på veggane.

Etter årsmøtet sundag på hotellet vart deltakarane samla til ein interessant busstur gjennom Odda og Tyssedal, der det vart gjeve informasjon om arkitektar og bygninga som fram gjennom tidene var bygde opp for dei tilsette og eigde av bedriftene.

Det vart også tid for omvising i Ungdomshallen, bygd i 1907, der dei vakre tre-relieffa av Lars Kinsarvik no omkransar veggane. Desse vart tekne vare på då det velkjende Hotell Hardanger vart riven på 1970-talet.

Hardanger Historielag hadde lagt ned eit stort arbeid, som gjorde desse to dagane svært vellukka. Stor takk til laget for dette arbeidet.

## 2. Styre, revisorar og valnemnd for året 2013 – 2014

Etter valet på årsmøtet i 2013 vart styret følgjande:

Leiar:	Else Marie Kind Hevrøy	(valt i 2013 for 1 år) Fjell kulturminnelag
Nestleiar:	Mikal Heldal	(valt i 2013 for 2 år) Tysnes sogelag
Skrivar:	Åse Eikemo Strømme	(valt i 2012 for 2 år) Vaksdal historielag
Kasserar:	Einar Borgund	(valt i 2013 for 2 år) Radøy sogelag
Styremedlem:	Marie Elisabeth Skutlaberg	(valt i 2012 for 2 år) Kvam soge- og kulturminnelag
Varamedlem:	Jorunn Kambo	(valt i 2013 for 1 år) Etne sogelag
Varamedlem:	Knut Farestveit	(valt i 2013 for 1 år) Voss sogelag

Revisorar valde for 2013: Leif Flesland, Fana sogelag  
Marta Rykkje, Kvam soge- og kulturminnelag

Valnemnd :	Einride Aakra, Etne sogelag	valt for 3 år i 2011
	Sigrid Kaale, Kvam soge- og kulturminnelag	valt for 3 år i 2012
	Jarleiv Haugland, Lindås sogelag	valt for 3 år i 2013

### **3. Medlemslag i Hordaland Sogelag**

Det var i 2013 registrert 32 medlemslag i Hordaland sogelag:

- |   |                                     |
|---|-------------------------------------|
| 1. Arna sogelag                         | 2. Askøy kulturvern- og historielag |
| 3. Askøy museumslag                     | 4. Austrheim kyst- og sogelag       |
| 5. Bergens historiske forening          | 6. Bømlo tur- og sogelag            |
| 7. DIS Hordaland                        | 8. Hjellestad og Milde historielag  |
| 9. Etne sogelag                         | 10. Fana sogelag                    |
| 11. Fjell kulturminnelag                | 12. Hardanger historielag           |
| 13. Kvam soge- og kulturminnelag        | 14. Kvinnherad sogelag              |
| 15. Laksevåg kulturhistoriske forening  | 16. Lindås sogelag                  |
| 17. Meland sogelag                      | 18. Moster sogelag                  |
| 19. Nord- og Midhordland sogelag        | 20. Osterøy sogelag                 |
| 21. Radøy sogelag                       | 22. Samnanger historielag           |
| 23. Stord sogelag                       | 24. Sund sogelag                    |
| 25. Sunnhordland folkemuseum og sogelag | 26. Tysnes sogelag                  |
| 27. Vaksdal historielag                 | 28. Vassvøri sogelag                |
| 29. Voss sogelag                        | 30. Vossestrand sogelag             |
| 31. Ættehistorisk institutt             | 32. Øygarden sogelag                |

### **4. Styret sitt arbeid**

Styret har hatt 8 styremøte i meldingsåret, og har handsama 50 saksnr.  
Møtestaden har vore eit møterom hos Fylkeskommunen i Bergen.

Av saker på sakskartet for meldingsåret:

Programmet til dei 32. lokalhistoriske dagane og årsmøtet 2013 i Hordaland sogelag, som vart lagt til Tyssedal/Odda, og førebuing til dagane i Radøy i 2014.

Dei lokalhistoriske dagane er eit samarbeid mellom Hordaland sogelag og eit lokallag som vertslag. Hordaland fylkeskommune gjev eit årleg tilskot til desse dagane.

Planlegging av landsmøtet til LLH som var lagt til Rosendal 1.-2. juni 2013, har vore jobba med i samarbeid med Sunnhordland museum, Kvinnherad sogelag og LLH.

I tillegg til vanlege organisasjonsmessige saker har styret arbeidd med følgjande prosjekt:

#### **Studieturar – i vikingane sine spor:**

For åttande året arrangerte Hordaland Sogelag studietur i vikingane sine spor.

I 2013 gjekk turen i austerveg i dagane 2.-9. august, og målet for dei 25 deltagarane var Gotland via Danmark og Roskilde og heimatt om Stockholm .

Roskilde, ein gong hovudstad i Danmark, har vore heimstaden for kongar og biskopar og Roskilde Domkirke er framleis gravstad for kongar og dronningar.

Gotland med “hovudstaden” Visby, gamal vikingby og hansastad og vi fekk historia på staden.

I 2014 går turen til Færøyane i samband med olsokfciringa . Fly frå Flesland 26. juli og heimatt 1. august .

Tidlegare år har turane gått til Island, Normandie, Hebridane, Isle of Man, Shetland/Orknøyane, Irland og austkysten av Skottland.

Desse studieturane er eit godt lokalhistorisk tiltak. Dei som har teke del i desse turane, har fått gode kontaktar til mange sogelag i fylket, og ikkje minst det er ein god grunn til å halda fram med desse turane. Så det er mange av oss som har lært mykje om vidfarande nordmenn før oss.

### **Kurs om innsamling av kulturminne:**

Hordaland Sogelag fekk i 2012 oppmoding frå eit lokallag om å skipa til kurs i innsamling og formidling av den verdfulle lokalhistoria som finst i «manns minne».

Våren 2013 vart det skipa til 2 kursdagar. Første kursdag var forfattar Marta Lillian Ekerhovd og etnolog Ella Marie Brekke Vangsnæs førelesarar, og fortalte om *Erfaringar med intervjueteknikk og publisering av innsamla stoff*

På neste samling snakka professor ved NTNU Aud Mikkelsen Tretvik om *Lover, reglar og etiske retningslinjer ved innsamling og publisering av stoff*, og om *Formidling av intervju og munnlige kjelder i lokalhistorisk arbeid*. Tretvik orienterte også om den landsomfattande innsamlinga av livsminne: *Mange stemmer frå levde liv*.

3. kursdag i september var temaet: *Utgjeving av årbøker og annan lokalhistorisk litteratur* med redaktør Knut Markhus frå Hardanger historielag og Knut Arne Olsen frå John Grieg forlag som førelesarar. Her vart det lagt vekt på å presentera det lokalhistoriske stoffet på ein «profesjonell» måte som kunne gje større interesse og auka sal.

Alle kursdagane samla meir enn 20 deltakrar, og det var ynskje om å ta opp andre tema på liknande kurs.

### **5. Kontakt med medlemane.**

Styret sende ut eit brev til medlemslaga vedlagt referatet frå lokalhistoriske dagar og årsmøtet 2013, og melding om det konstituerte styret.

Styret sende julebrev til medlemslaga i desember 2013, der det vart orientert om planlegging av studieturar sommaren 2014, datoar for årsmøte og lokalhistoriske dagar 2014 på Radøy, og busstur i april 2014 til Eidsvoll i samband med 200-årsjubileet for Grunnloven

Kontakten med lokallaga har tidlegare i hovudsak vore gjennom brev i posten, men dei siste åra har det også vore ved å senda e-post. Det har vist seg at ikkje alle laga har e-postadresse. I tillegg har det vore vanskeleg å få laga til å senda oppdaterte adresser.

Medlemslaga vert difor sterkt oppmoda om å halda styret i Hordaland sogelag oppdatert med både e-postadresse (mail) og postadresse, slik at dei kan få dei breva og tilboda som Hordaland sogelag sender ut. Dette kan best gjerast ved å fylla ut nytt meldingsskjema etter årsmøtet.

Hordaland sogelag si heimeside vert til ei kvar tid oppdatert med opplysningar til laga:

[www.hordalandsogelag.no](http://www.hordalandsogelag.no)

I 2013 hadde sidene over 2500 besøkjande. Ei auke på omlag 37% i høve til året før.

### **6. Medlemskap i andre lag**

Hordaland sogelag er medlem av:

Hordaland Folkeakademi  
Landslaget for Lokalhistorie (LLH)

Frå Hordaland Folkeakademi får laget medlemsbladet Nøkkelen, tilbod om kurs og samarbeid om kurs. HS fekk tilskot frå HF til kurset om innsamling av kulturminne.

Frå LLH får medlemane i styret tilsendt meldingsbladet Lokalhistorisk Magasin, som kjem med 4 nummer i året.

LLH står også for utgjevinga av Heimen, eit vitskapeleg tidsskrift for lokal og regional historie.

Landslaget for Lokalhistorie hadde landsmøte i Rosendal 1.-2. juni 2013. Hordaland sogelag og Kvinnherad sogelag var arrangørar av møtet, som vart halde på Rosendal fjordhotell. Det møtte 43 delegatar og landsmøteforhandlingane vart gjennomførde etter vanleg orden. Styret fekk ikkje gjennomslag for nokre av dei organisatoriske sakene som kom i innstilling frå organisasjonsutvalet, m.a. namneendring og landsmøterepresentasjon.

I tillegg valde landsmøtet å setja opp medlemskontingenenten frå kr 10 til kr 20 pr. lagslem.

På grunn av desse sakene vart det skipa til ekstraordinært landsmøtet 28. nov. i Oslo.

Hordaland sogelag avstod frå å møta der. For nærmare info. om desse sakene sjå

<http://historielag.blogspot.no/>

Styret får god informasjon frå sekretariatet i LLH gjennom medlemsbreva som vert sendt i brev og e-post..

### **7. Representasjon**

Nestleiar i Hordaland sogelag Mikal Heldal er varamedlem til landsstyret til LLH.

Else Marie Kind Hevrøy og Åse Eikemo Straume representerte Hordaland sogelag på Landsmøtet til LLH i Kvinnherad i juni og Mikal Heldal var møteleiar.

### **8. Sluttord**

Styret meiner at årsmeldinga for 2013 viser eit aktivt arbeidsår for laget.

Ebbesvika, februar 2013

**HORDALAND SOGELAG**

Styret

Else Marie Kind Hevrøy(s) Mikal Heldal(s) Åse Eikemo Strømme(s) Einar Borgund(s)  
leiar nestleiar skrivar kasserar

Marie Elisabeth Skutlaberg(s) Jorunn Kambo(s) Knut Farestveit(s)  
styremedlem varamedlem varamedlem